


NOTAT  
ON

# Kvalitetsvurdering i skuleverket


Eksempel på vurderingssystem i kommunar og fylkeskommunar



*Knut Roald*

# Kvalitetsvurdering i skuleverket

Eksempel på vurderingssystem i kommunar og fylkeskommur



*Knut Roald*



# NOTAT

HØGSKULEN I SGN OG FJORDANE

Postboks 133, 6851 SOGN DAL telefon 57676000 telefaks 57676100

TITTEL	NOTATNR.	DATO
<b>KVALITETSVURDERING I SKULEVERKET</b> Eksempel på vurderingssystem i kommunar og fylkeskommunar	4/2003	22.05.03
PROSJEKTTITTEL	TILGJENGE	TAL SIDER
<b>KVALITETSVURDERING I SKULEVERKET</b> Eksempel på vurderingssystem i kommunar og fylkeskommunar	Open	40
FORFATTAR	PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG	
Knut Roald	Knut Roald	
OPPDAGSGJEVAR	EMNEORD	
Utdannings- og forskingsdepartementet	Kvalitetsvurdering Kvalitetssystem Skulevurdering	
SAMANDRAG / SUMMARY		
<p>Dette notatet er eit forarbeid til Utdannings- og forskingsdepartementet sin NOU 2002:10 ”Førsteklasses fra første klasse”</p> <p>Første kapittelet skisserer hovudtrekk i den norske diskusjonen om skulevurdering.</p> <p>Dei neste kapitla viser korleis nokre kommunar og fylkeskommunar har utvikla sine system for kvalitetsvurdering i skuleverket.</p>		
PRIS	ISSN	ANSVARLEG SIGNATUR
kr 60,-	0806-1696	Svein Heggheim

## **Forord**

I norsk skule er det for tida ein aktiv debatt om korleis ein skal utvikle nasjonale og lokale system for kvalitetsvurdering. Kommunar og fylkeskommunar skal som skuleeigar ha ein sentral plass i dette arbeidet, men NOU 2002:10 ”Førsteklasses fra første klasse” fastslår at halvparten av kommunane/fylkeskommunane enno ikkje har etablert system for skulevurdering. Det synest såleis å vere behov for å spele inn eksempel på korleis skuleeigarar kan bygge opp slike system.

Denne publikasjonen viser korleis nokre kommunar og fylkeskommunar arbeider med skulevurdering:

- Klepp kommune
- Bømlo kommune
- Bergen kommune
- Oppland fylkeskommune
- Hordaland fylkeskommune
- Oslo kommune
- Gjøvik kommune

Framfor dei ulike eksempla skisserer eg nokre hovudtrekk i den norske diskusjonen om skulevurdering.

Oversiktene over Klepp, Bømlo, Bergen, Oppland, og Hordaland er utarbeidde på oppdrag frå Utdannings- og forskingsdepartementet knytt til arbeidet med NOU 2002:10 ”Førsteklasses fra første klasse”. Her vil eg takke Eva Bendiksen og Sigurd Aukland for aktivt samarbeid. Framstillinga som gjeld Oslo, er utarbeidd av Bjørn Berg.

Undervegs i arbeidet har eg sett at Gjøvik kommune sin modell for skulevurdering er eit nyttig eksempel. Med løyve frå Gjøvik er denne modellen tatt inn som vedlegg.

Sogndal 22.05.03

Knut Roald

# Innholdsliste

<b>Kap. 1 SKULEVURDERING I NORGE - MANGFALD ELLER UVISSE? .....</b>	1
1.1 Den skulepolitiske debatten .....	1
OECD-rapport utfordrar norsk desentralisering.....	1
Skulebasert vurdering - eit norsk val i 1990-åra .....	2
Noreg i 2002 - vektlegging av kvalitetskring, offentleg informasjon og skuleeigaren sitt ansvar.....	2
1.2 Fagleg debatt om skulevurdering i Norge.....	3
Ekstern eller intern skulevurdering?.....	3
Elevar og foreldre som brukarar eller borgarar.....	4
1.3 Erfaringar og vegen vidare i Noreg .....	5
<b>Kap. 2 GJENNOMGÅANDE KJENNETEIKN VED KOMMUNALE KVALITETSSYSTEM.....</b>	7
<b>Kap. 3 KVALITETSARBEID I KLEPP KOMMUNE .....</b>	8
3.1 Oppbygging av kommunen sitt arbeid med kvalitetsvurdering.....	8
3.2 Metodar og verktøy i vurderingsarbeidet.....	9
Eksempel 1. Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU).....	9
Eksempel 2. Elevmedverknad i læringsarbeidet.....	10
3.3 Oppfølging av vurderingsarbeidet .....	10
<b>Kap. 4 KVALITETSARBEID I BØMLO KOMMUNE .....</b>	12
4.1 Oppbygging av kommunen sitt arbeid med kvalitetsvurdering.....	12
4.2 Metodar og verktøy i vurderingsarbeidet.....	13
Eksempel 1. Hovudemne: «Læring og undervisning» .....	14
Eksempel 2. Hovudemne: Skolemiljø og samarbeidsklima.....	14
4.3 Oppfølging av vurderingsarbeidet .....	15

<b>Kap. 5 KVALITETSARBEID I BERGEN KOMMUNE</b>	16
5.1 Oppbygging av kommunen sitt arbeid med kvalitetsvurdering	16
5.2 Metodar og verktøy i vurderingsarbeidet	17
5.3 Oppfølging av vurderingsarbeidet	18
<b>Kap. 6 KVALITETSARBEID I OPPLAND FYLKESKOMMUNE</b>	19
6.1 Oppbygging av fylkeskommunen sitt arbeid med kvalitetssikring	19
6.2 Metodar og verktøy i vurderingsarbeidet	21
6.3 Oppfølging av vurderingsarbeidet	21
<b>Kap. 7 KVALITETSARBEID I HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	23
7.1 Oppbygging av fylkeskommunen sitt arbeid med kvalitetsvurdering	23
7.2 Metodar og verktøy i vurderingsarbeidet	24
7.3 Oppfølging av vurderingsarbeidet	24
<b>Kap. 8 KVALITETSARBEID I OSLO KOMMUNE</b>	26
8.1 Oppbygging av kommunens sitt arbeid med kvalitetsvurdering	26
8.2 Metodar og verktøy i vurderingsarbeidet	27
8.3 Kvalitetsbarometeret kan brukast til	27
Overflatevurdering - å kartlegge eit eller fleire hovudområde	27
Djubdevurdering - å sjå nærmare på enkelte område	28
8.4 Oppfølging av vurderingsarbeidet	29
<b>Vedlegg</b>	30
<b>Figurliste</b>	
Figur 1.1 Forholdet mellom ekstern skulevurdering og skulebasert vurdering (Tiller 1990)	3
Figur 1.2 Markedsdiskurs og profesjonell diskurs (Harrit 2001)	4
Figur 2.1 Gjennomgåande kjenneteikn ved kvalitetssystem	7
Figur 3.1 Kvalitetsarbeid i Klepp	9
Figur 3.2 Vurderingsoppsett FAU	10
Figur 3.3 Vurderingsoppsett elevmerknad	10
Figur 4.1 Årssyklus	13
Figur 6.1 Eksempel på kvalitetskriterium	19
Figur 6.2 Skjema for vurderingsområde	20

## **Kap. 2 SKULEVURDERING I NOREG - MANGFALD ELLER UVISSE?**

Dette kapittelet skisserer hovudtrekk i den norske diskusjonen om skulevurdering. Gjennom to tiår har ein på mange måtar vore inne i ein pro et contra -diskusjon mellom satsing på strukturerte nasjonale inspeksjonssystem og lokal skulebasert vurdering. I ettertid kan enkelte meine at dette har gitt eit breitt mangfold av skulevurderingstiltak i Noreg, andre vil hevde at dette har resultert i uvisse og uklåre forståingar av omgrep som 'vurdering', 'evaluering', 'kvalitetsvurdering', 'kvalitetskontroll', 'kvalitetssikring', 'kvalitetsutvikling', 'akkreditering', 'kvalitetssystem', 'kvalitetsstrategi' og 'skulebasert vurdering'.

### **2.1 Den skulepolitiske debatten**

Den offentlege debatten om skulevurdering i Noreg gir eit bilet av mange utgreningar over lang tid. Ein underliggende komplikasjon i debatten synest å vere spørsmålet om korleis ein skal forstå kommunane sitt sjølvstende i forhold til staten.

#### **OECD-rapport utfordrar norsk desentralisering**

Den norske debatten om vurdering og kvalitetsutvikling i skulen blei i vesentleg grad intensivert etter ein OECD-rapport i 1988. Rapporten konkluderte med at det norske utdanningssystemet etter omfattande skulereformer og forvalningsreformer, i liten grad hadde evaluatingsfunksjonar, dokumentasjon og styringsdata som kunne seie noko om i kva grad måla for opplæring blei nådd. Nasjonale lover, forskrifter og læreplanar for skuleverket i Noreg, hadde i 1970- og 80-åra gjennomgått revisjonar som la opp til meir desentralisert styring. Denne desentraliserte profilen blei forsterka av omleggingar av inntektssystemet for kommunane, der ein i 1986 gjekk over frå øyremarking til rammeløyving for staten sitt tilskott til drift av skular.

Før OECD-rapporten i 1988 hadde tenkinga om skulevurdering i Noreg i hovudsak basert seg på utgreningar frå eit nasjonalt evaluatingsutval som i 1978 lanserte omgrepet 'skulevurdering'. Omgrepet var då knytt til lokal skuleutvikling og forbetring av skulen sitt miljø. Sjølv om dette gav opptakt til ein aktiv fagleg diskusjon om skulevurdering, var det berre eit mindretal kommunar og skular som starta arbeidet med å utvikle former for vurdering på skulenivå.

I etterkant av den omtala OECD-rapporten steig temperaturen vesentleg i den norske debatten om skulevurdering. Dilemmaet mellom klåre statlege system for kvalitetssikring og verdien av lokalt initiativ og handlingsrom, særpregar offentlege utgreningar gjennom heile 90-talet.

Sterkare sentrale statlege grep om skulevurdering i t.d. England og Skottland utgjorde eit viktig bakteppe for debatten, saman med ei internasjonal utbreiing av målstyringsideologi innan offentleg forvaltning.

## **Skulebasert vurdering - eit norsk val i 1990-åra**

Til tross for OECD-rapporten og internasjonale trendar i retning av statleg kvalitetskontroll, valde ein i Noreg i 90-åra å satse på skulebasert vurdering som metode for systematisk kartlegging, vurdering og rapportering. Stortingsmelding nr. 47 (1995-96) og ei nasjonal utgreiing om skulevurdering (Moe-utvalet 1997) resulterte mellom anna i at ein i Noreg i 1999 fekk denne ordlyden i dei nasjonale forskriftene for grunnskule og vidaregåande skule §2.1:

”Skulen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa , tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei mål som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og i dei enkelte læreplanane for fag.

Kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført”

Sjølv om nokre kommunar og statlege utdanningskontor utover i 90-åra har utarbeidd opplegg for skulebasert vurdering, har likevel to større undersøkingar vist at over halvparten av skulane, kommunane og fylkeskommunane ikkje arbeider systematisk med skulevurdering. I den norske debatten hevdar nokre at dette skuldast for lite satsing på fagleg rettleiing og kompetanseheving på skulebasert vurdering. Ein har dei siste 10-15 åra bygd ned faglege skulekontor i kommunane og kommunal, regional og statleg pedagogisk rettleiingsteneste. Andre hevdar at arbeidet med skulevurdering i Noreg primært manglar klår statleg strategi og styring.

## **Noreg i 2002 - vektlegging av kvalitetssikring, offentleg informasjon og skuleeigaren sitt ansvar**

I juni 2002 la ’Utvalet for kvalitet i grunnopplæringa’ fram ei ny statleg utgreiing i Noreg. Ein nyttar no ’grunnopplæringa’ som omgrep for dei første 13 skuleåra som frå 1998 har felles lov og læreplan. Dette statlege utvalet foreslår ei rekke nasjonale grep som ber preg av tankar om kvantitativ kvalitetssikring kombinert med meir open offentleggjering av elevane sine målbare læringsresultat. Samstundes legg ein enno større vekt på å følgje opp skuleeigarane (kommunar, fylkeskommunar og private) sitt ansvar for å arbeide med kvalitativ og skulebasert vurdering.

Frå statleg hold vil ein legge opp til:

- Obligatoriske nasjonale kartleggingsprøver i basisfaga. Desse skal gjennomførast på fastsette steg i barneskulen og i ungdomsskulen.
- Offentleggjering av elevane sine læringsresultat ved kvar skule. Gjennom ein nasjonal nettportal skal resultata på kartleggingsprøver og eksamenar vere tilgjengeleg for alle foreldre, media osv.
- Omorganisering av det nasjonale læringsenteret slik at det vert eit klårt skilje mellom arbeidet med kvalitetskontroll og pedagogisk rettleiing/utviklingsarbeid.
- Nedlegging av dei regionale statlege utdanningskontora. Ressursane skal overførast til fem høgskular/universitet som skal yte fagleg støtte til skulane, kommunane og fylkeskommunane i arbeidet med skulevurdering.

Kvalitetsutvalet legg også opp til at skuleeigarane i sterke grad skal:


- Støtte og kontrollere den einskilde skule sitt arbeid med skulebasert vurdering. Denne skulebaserte vurderinga skal omfatte både faglege, miljømessige, tekniske og økonomiske sider av skuledrifta.
- Utvirke at skulane også nyttar eksterne deltagarar i sitt vurderingsarbeid
- Rapportere elevane sine læringsresultat og skulane sitt arbeid med skulevurdering til statlege nivå.

Kvalitetsutvalet sine forslag vil bli handsama av det norske Stortinget våren 2003. Det ser ikkje ut til at dei regionale utdanningskontora blir nedlagde, men elles vil truleg storparten av framlegga bli vedtekne.

## 2.2 Fagleg debatt om skulevurdering i Noreg

### Ekstern eller intern skulevurdering?

Den faglege debatten om skulevurdering har i sterk grad vore prega av drøftingar langs aksane ekstern – intern. Tom Tiller (1990) har lagt vesentlege delar av premissane for denne debatten gjennom å skissere denne modellen om forholdet mellom ekstern skulevurdering og skulebasert vurdering.



*Figur 2.1 Forholdet mellom ekstern skulevurdering og skulebasert vurdering (Tiller 1990)*

Ein slik modell verkar klårgjerande i forhold til ein del viktige sider ved ekstern og intern vurdering av skular. Samtidig har dette styrt mykje av debatten inn i eit spor som har svekka ei klårare leiting etter korleis *kvalitetssikring* og *skulebasert vurdering* kan vere to komplementære funksjonar med kvar sin styrke og eigenart.

## **Elevar og foreldre som brukarar eller borgarar**

Danske Ole Harrit (2001) har etter kvart fått stor innverknad på skulevurderingsdebatten i Noreg. Han ser på den dagsaktuelle vurderingsdebatten som eit spenningsfelt mellom ”New Public Management” som er ei marknadsorientert ideologisk ramme for moderniseringstrategiar i offentleg verksemd, og berande ideologiar som ligg i utdanninga og yrkesutøvinga til fagfolka i den offentlege sektoren. Han framstiller dette som to ulike diskursar:

Marketing diskurs	Professionel diskurs
Service	Professionalisme
Kunde	Uddannelse
Marknad	Viden
Bruger	Ekspertise
Produkt	Autonomi
Kontrol	Tolkningsret
Tilfredshed	Selvstyre
Forventningar	Selvbestemmelse
Klage	Gensidig respekt
Frit valg	Forskellighed
Markedsstyring	Ansvarlighed
Effektivitet	Engagement
Produktivitet	Værdier
Behov	Lighed
Sammenligning	Ligeværd
Benchmarking	Omsorg
Kontrakt	Den enkelte
Interessenter	Etik
Afsætning	Borger
Konkurrence	Medbestemmelse
Privatisering	Medansvar
	Demokratisk

*Figur 2.2 Markedsdiskurs og profesjonell diskurs (Harrit 2001)*

Harrit er oppteken av at vi må søke ein ”tredje veg” der vi finn gode møte mellom desse to diskursane i vurderingsdebatten. Vi treng både kontroll og utviklingsaspekt i ei kvar form for vurdering.

Harrit peikar på korleis brukarperspektivet på offentleg tenesteyting har vekse fram m.a. gjennom ’New public Management’ som ei marknadsorientert ideologisk ramme. Han framhevar som viktig at elevar og foreldre blir sett på som ’borgarar’ og ikkje ’brukarar’ i skulesamfunnet. Borgarperspektivet assosierer til aktive, ansvarlege og kompetente medskaparar i fellesskapen. Brukarperspektivet assosierer til individuelle behov, passiv mottaking, ingen plikter i forhold til heilskapen, ingen kompetanse i forhold til beslutningsprosessar, men med klagerett som ei aktiv reaksjonsform.

Harrit sitt poeng er at skuleverksemid i sin grunnleggjande natur føreset aktiv dialog både i den daglege undervisninga og i det meir djuptgripande samspelet mellom lærarar, elevar, foreldre og lokalmiljø. Ideen om skule er skapt ut frå eit samfunnsengasjement og tenkt som ein viktig arena for utvikling både av fagleg, sosial og demokratisk kompetanse. Dette inneberer at elevar og foreldre også må vere aktive aktørar i skulevurdering, og ikkje berre passivt respondere på brukarundersøkingar.

## 2.3 Erfaringar og vegen vidare i Noreg

’Skulebasert vurdering’ blir forstått som skulen si eiga vurdering av seg sjølv. Ein er i Noreg samd om at dette inneberer at skulen tar initiativ og ansvar for evalueringa. Problemet er at mange viktige sider ved skulebasert vurdering i avgrensa grad er utdjupa og utprøvd fordi:

- mange kommunar og skular ikkje har starta opp arbeid med skulebasert vurdering
- den skulepolitiske debatten har meir fungert som pro et contra mellom *kvalitetssikring* og *skulebasert vurdering* enn å avklare eigenarten og styrken ved kvar av desse arbeidsmåtane

Gode erfaringar med skulebasert vurdering synest å ha desse gjennomgåande fellestrekka:

- Skulen sjølv vel mål og fokusområde for vurderingsarbeidet
- Skulen sjølv utarbeider kvalitetsindikatorar og kjenneteikn som skal ligge til grunn for vurderingsarbeidet.
- Metodar for datainnhenting blir valde av skulen ut frå eigenarten til fokusområdet og kvalitetsindikatorane. Metodetriangulering vil ofte vere verdifull .
- Det finst klåre framdriftsplanar for gjennomføring og oppfølging av vurderingsarbeidet.
- Skulen sjølv eig vurderingsresultata og vurderer kva type offentleggjering som er nyttig.

I Noreg har ein dei siste tre åra prøvd ut eit system med bruk av eksterne deltagarar i skulen sitt vurderingsarbeid. Dette har vore gjennomført på noko ulike måtar i dei 5 utprøvingsfylka. Nokre stader har slike eksterne grupper vore utpeika av skuledirektørane, andre stader er det skulane sjølve som har bede med seg eksterne representantar for næringsliv, andre offentlege verksemder, foreldrerepresentantar m.m. Erfaringane er at denne arbeidsforma fungerer best når den tar utgangspunkt i idear om skulebasert vurdering der skulen sjølv definerer vurderingsfokus, vurderingskriterium og systematisk oppfølging av vurderingsarbeidet.

Stortingshandsaminga av kvalitetsutvalet sine framlegg våren 2003 vil bli ein viktig merkestein i Noreg. Då kan ein få lagt eit nytt og betre grunnlag for diskrepansar og synergiar mellom kvalitetssikring og skulebasert vurdering. Dette vil vere avhengig av at staten vel å legge like mykje vekt på utdjuping og fagleg forståing av skulebasert vurdering, som etablering av statlege kontrollsysteem og offentleggjering av elevane sine læringsresultat.

I Noreg manglar vi langt på veg det system mange land har for regionale rettleiingssystem som kan understøtte kommunane, fylkeskommunane og skulane sitt kvalitetsarbeid. Slike faglege rettleiingsfunksjonar blitt bygd ned, m.a. som følgje av den overordna desentraliseringa, som har gått føre seg i forholdet mellom statleg og kommunal styring. Dersom ein ikkje finn løysingar for å styrke slike regionale og lokale rettleiingsfunksjonar, vil Noreg hovudsakleg stå att berre med utbygging og styrking av den instrumentelt innretta statlege kvalitetskontrollen.

## Kap. 3 GJENNOMGÅANDE KJENNETEIKN VED KOMMUNALE KVALITETSSYSTEM

I kapittel 3 -8 blir det gitt fem korte beskrivingar av korleis nokre kommunar og fylkeskommunar arbeider med kvalitetsvurdering:

- Klepp kommune
- Bømlo kommune
- Bergen kommune
- Oppland fylkeskommune
- Hordaland fylkeskommune
- Oslo kommune

I beskrivingane av kvalitetsarbeidet i desse kommunane og fylkeskommunane synest nokre viktige kjenneteikn å vere gjennomgåande:

Kommunenivået	Forholdet commune- og skulenivået	Vurderingsområde og kriterium	Arbeidsmetodar og verktøy
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunane har langsigktige og heilskaplege styrings- og vurderingssystem</li> <li>- Kommunane sine motiv for vurdering er både dokumentasjon, innsyn og utvikling</li> <li>- Politikarane er opptatt av innhaldet i skulen og følgjer opp prosessar og resultat i skulevurdering</li> <li>- Kommunenivået tar eit aktivt ansvar for at det blir arbeidd med skulevurdering (forskriftene §§ 2.1 og 2.2)</li> <li>- Kommunen har plassert og definert ansvaret for arbeidet med kvalitetsvurdering</li> <li>- Det er stabile og kompetente kommunale styrings- og støttefunksjonar for skulane</li> <li>- Kommunen har satsa på kompetanseutvikling rundt kvalitetsvurdering</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunenivået sikrar struktur, systematikk og kontinuitet i vurderingsarbeidet</li> <li>- Kvalitetsarbeidet gjennomførast i samspel mellom skulenivå og kommunenivået, meir preg av overlapping enn avgrensing mellom nivåa</li> <li>- Kommune- og skulenivået har etablert faste arenaer for samhandling, erfaringsdeling, refleksjon og tilbakemelding</li> <li>- Skulane ønskjer utfordringar, tilbakemeldingar og rettleiing frå kommunenivået</li> <li>- Kommunenivået har kläre forventingar om at skulane tar sjølvstendig ansvar for kvalitetsvurdering</li> <li>- Kommunane har prosedyrar for å vidare-utvikle vurderingssystemet sitt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunane og skulane har breidde i dei områda som blir vurdert(generell del i læreplanen, læringsutbytte i fag, trivsel, foreldre-samarbeid, skulen sit forhold til omverda m.m.)</li> <li>- Det er nokre felles satsnings- og vurderingsområde for alle skulane i kommunen</li> <li>- Kommunenivået har bidratt til utvikling og utforming av kriterium</li> <li>- Kriteria kan brukast til ulike vurderingsmetodar, både kvalitative og kvantitative</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunenivået og skulane samarbeider om utforming av arbeidsmetodar og verktøy i kvalitetsvurderinga</li> <li>- Vurderingsopplegga omfattar både planlegging, gjennomføring og handlingspregra oppfølging</li> <li>- Kommunane og skulane kombinerer et breitt sett av kvalitative og kvantitative vurderingsmetodar</li> <li>- Deltakarane i skulesamfunnet er involvert: elevar, lærarar, foreldre, politikarar og lokalmiljøet.</li> <li>-Både intern og ekstern vurdering nyttast, ofte i kombinasjon med kvarandre</li> </ul>

Figur 3.1 Gjennomgåande kjenneteikn ved kvalitetssystem

I siste del av kvart eksempel er det tilvisingar til kor ein kan finne utfyllande informasjon.

# **Kap. 4 KVALITETSARBEID I KLEPP KOMMUNE**

## **4.1 Oppbygging av kommunen sitt arbeid med kvalitetsvurdering**

Kvalitetsarbeidet i Klepp er basert på ei tett kopling mellom politikarar, kommuneadministrasjon og dei enkelte skulane. Gjennom dialog og samhandling involverast ei rekke aktørar: elevar, foreldre og tilsette, skuleleiarar, kommunal leiing, politikarar og eksterne aktørar er med. Skulevurderinga i kommunen er dermed prega av samgrep og samhandling, tilbakemeldingar og utfordringar.

Opplæringsetaten sitt vurderingsarbeid omfattar tre nivå:

- eit samla system for skuleverket i kommunen
- koplingar mellom kommunenivå og den enkelte skule
- kvalitetsvurderingar knytt til den enkelte skule.

På kommunenivået blir lokalpolitikarane, elevrådsstyrta, foreldreutvala, leiarane og fagorganisasjonane aktivt trekt inn i arbeidet med å utforme evaluerbare målsettingar og tiltak som også blir presentert i ein kommunal strategi- og verksemdsplan. Ut frå eit system for benchmarking blir det arbeidd med skulevurdering. Grunnlaget for vurderingssystemet er målsettingar, område og tiltak i den kommunale strategiplanen.


Skulane har kvalitetssystem som også omfattar vurderingsprosessar rundt eigen strategi- og veksemeldsplanlegging. Også i dette arbeidet blir foreldre og elevar trekt med. Elevar og foreldre er også involvert i skulen sitt vurderingssystem, som er eit benchmarking-konsept. Skulane sine vurderingsresultat har vore tilgjengelege for politikarane heilt sidan dette verktøyet blei etablert.

Skulane sine kvalitetsrutinar og - system omfattar vidare:

- brukarundersøkingar blant både elevar og foreldre
- bruk av eksterne vurderingsinstansar og eksterne rettleiarar
- analysar av karakterresultat
- analysar av resultat på kartleggingsprøver i basisfaga
- medarbeidarsamtalar med tilsette og
- elevsamtalar (alle elevane er garantert elevsamtalar)
- portfolio knytt til den enkelte elev si læring og utvikling

Kvalitetsvurderinga til skulane og kommunen omfattar område som:

- fag (gjennom analysar av karakterar og resultat av kartleggingsprøver)
- brukartilfredsheit (gjennom elev- og foreldrekartleggingar og - samtalar)
- organisering (gjennom for eksempel ekstern evaluering av forsøksordningar)
- ressursbruk (GSI/KOSTRA) og
- interne relasjonar (gjennom kartleggingar, medarbeidarsamtalar og HMS-arbeid).



Figur 4.1 Kvalitetsarbeid i Klepp

## 4.2 Metodar og verktøy i vurderingsarbeidet

Klepp kommune brukar både på kommune-, skule- og elevnivå ein kombinasjon av dialogbaserte vurderingsformer (fellesdrøftingar, brukarsamlingar, høyringar etc.) og meir instrumentelle vurderingsformer (spørjeskjema, avkryssingslister etc.). Eksempelvis har opplæringssjefen faste samlingar med elevrådsstyra der skulevurdering inngår.

Dermed brukast både kvalitative og kvantitative metodar.

Hovuddelen i Klepp kommune sitt kvalitetssystem er koplinga mellom målstyring og resultativurdering (mellan strategi-/verksemddssplanlegging og benchmarking). Desse to eksempla illustrerer koplinga:

### Eksempel 1. Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)

Eit mål i den kommunale strategiplanen er at «foreldra skal ha medverknad i styringa, utviklinga og vurderinga av skulen/barnehagen. Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) deltek minst kvart anna år i eit tiltak innan skule-/barnehagevurdering. Foreldra er også aktivt med i oppfølgings-/forbetningsarbeidet.»

I benchmarkingsystemet møter skulen året etter dette vurderingsoppsettet (sjå figur 2):

FAU fungerer aktivt og konstruktivt. FAU har stor innverknad på organisering og prioriteringar ved skulen. FAU har rutinar for arbeidet og sikrar m.a. naudsynt opplæring av klassekontaktar. FAU tar del i kvalitetsutviklinga i skulen.	FAU fungerer i all hovudsak aktivt og konstruktivt. FAU har noko innverknad på organisering og prioriteringar ved skulen. FAU har på nokre område rutinar for arbeidet sitt. FAU tar del i delar av kvalitetsutviklinga skulen.	FAU fungerer greitt nok, men har i mindre grad innverknad på organisering og prioriteringar ved skulen. FAU manglar rutinar for sentrale område for arbeidet sitt. FAU tar berre periodevis del i kvalitetsutviklinga skulen og då innanfor avgrensa område.	FAU fungerer ikkje tilfredsstilande og har liten innverknad på organisering og prioriteringar ved skulen. FAU manglar rutinar for arbeidet sitt. Forventningane og arbeidsområde er uklare. Samarbeidet med skulen elles er "så som så".
---	---	--	--

*Figur 4.2 Vurderingsoppsett FAU*

## **Eksempel 2. Elevmedverknad i læringsarbeidet**

Eit anna mål i etaten sin strategiplan er at «Eleven skal sikrast medverknad på eiga læring og læringsorganisering. Eleven skal vere den aktive parten i opplæringssituasjonen.»

I benchmarkingsystemet møter skulen året etter dette vurderingsoppsettet:

Elevane har stor innverknad på eiga læring. I samtalar med lærarane er dei heile tida med på å setje eigne læringsmål. Dei veit å brukta varierte arbeidsmåtar. Dei er heile tida med på å planleggja, gjennomføra og vurdera eige arbeid.	Elevane har god innverknad på eiga læring. Dei er av og til med på å setje eigne læringsmål, saman med læraren. Dei får ofte sjølv velje arbeidsmåtar. Dei tek ofte også del i arbeidet med å planleggje, gjennomføre og vurdere eige arbeid.	Elevane har i noko grad innverknad på eiga læring. Dei er i mindre grad med på å setje eigne læringsmål. I nokre tilfelle får dei velje arbeidsmåtar sjølve. Av og til er dei med på å planleggje, gjennomføre og vurdere eige arbeid.	Elevane har liten innverknad på eiga læring. Dei er ikkje med på å setje eigne læringsmål og dei vel sjeldan arbeidsmåtar sjølve. I liten grad er dei med på å planleggje, gjennomføre og vurdere eige arbeid.
--	---	--	--

*Figur 4.3 Vurderingsoppsett elevmerknad*

## **4.3 Oppfølging av vurderingsarbeidet**

Kommunen vektlegg at eit av formåla med vurderingsordningane er å dokumentere og gi innsyn. Hovudformålet er likevel å sikre forbetring og vidareutvikle kvaliteten. Både politisk og administrativ leiing samt kvar skule sikrast informasjon og dokumentasjon både om korleis målsettingar blir følgde opp, kva for resultat ein oppnår og kva for utfordringar som eksisterer.

Dette skjer også ved at kvar rektor i august kvart år får skriftleg tilbakemelding på skulen sin verksemdsplan og benchmarking. Tilbakemeldinga inneholder også nokre utfordringar. Desse utfordringane blir tatt opp på medarbeidar- og oppfølgingssamtalar mellom etatsleiinga og kvar rektor. Kvar rektor har tre slike samtalar med etatsleiinga gjennom skuleåret.

Skulenivået sikrast dermed vurdering frå kommunenivået. Dette kjem i tillegg til vurderingar med elevar, tilsette og foreldre. Når kvalitetsvurderingane er sett i system, slik at metodar/verktøy er dei same over fleire år, kan skulane og kommunenivået over sjå korleis forbetrings- og utviklingstiltak viser igjen over tid.

Rektorane, fagorganisasjonane og politikarane gir også kommunenivået regelmessige tilbakemeldingar på i kva grad mål- og resultatsistema fungerer. Hovudstrukturen i systemet er stabil, men delar av systemet blir fortløpende justert og forbetra.

På denne måten utviklast kvalitetssistema, samtidig som og eigarforholdet til sistema gradvis blir styrkt.

Meir informasjon om skulevurdering i Klepp kommune: <http://www.klepp.kommune.no>

## **Kap. 5 KVALITETSARBEID I BØMLO KOMMUNE**

### **5.1 Oppbygging av kommunen sitt arbeid med kvalitetsvurdering**


Bømlo kommune har utarbeidd ein overordna struktur der skuleutvikling og skulevurdering vert sett i nær samanheng. Gjennom årsmeldingar, utviklingsplanar og samtalar blir dette synleggjort og systematisert.

Arbeidet med skulevurdering går gjennom kommunen og skulane sine formelle kanalar og strukturar, men er tufta på dialog, tilbakemelding og refleksjon omkring kvalitet og praksis. Bømlo legg vekt på tett kommunikasjon mellom kommunenivå og skulenivå, og kommunen har difor tilsett ein person som har hovudansvar for skulevurdering og skuleutvikling.

Frå kommunenivå blir arbeidet med skuleutvikling og skulevurdering organisert i forhold til følgjande årssyklus:

Dokument som viser målsettingar for skuleutvikling i kommunen (kontinuerleg oppjusterte i 3-års-periodar)

- Vurderings- og refleksjonsbasert årsmelding frå skulane pr. 31.12 med førebels skulevurdering
- Skriftleg tilbakemelding frå kommunenivå til skulenivå
- Utviklingsplan for komande skuleår med utgangspunkt i kommunale målsettingar for skuleutvikling og skulebasert vurdering
- Vurderings- og refleksjonsbasert pedagogisk årsmelding pr. 01.07 frå den enkelte skule
- Skriftleg tilbakemelding frå kommunenivå til skulenivå vedk. årsmeldingar, utviklingsplan og annan kontakt gjennom skuleåret
- Samtale mellom rektor på den enkelte skule, oppvekstsjef og pedagogisk rettleiar. Hovudfokus i samtalet er utdjuping av skuleutvikling og skulevurdering.
- Kommunal årsmelding der hovudtendensar frå skulevurderingsarbeidet vert synleggjort



*Figur 5.1 Årssyklus*

Vurderingsområda omfattar eit breitt spekter. Så langt er det områda 'læring og undervisning', 'oppfølging av elevane' samt 'skolemiljø og samarbeidsklima' som har hatt fokus. Det er nøye samanheng mellom vurderingsområde og det arbeidet som blir gjort med skuleutvikling på den enkilde skule, kommunen legg derfor nokre føringar for val av sentrale vurderingsområde gjennom fokusområde for årsmeldinga. Kommunen legg også føringar for elevane og foreldra si deltaking i vurderingsarbeidet på den enkelte skule gjennom eigne problemstillingar i årsmeldinga. På denne måten blir elevar og foreldre både informantar og deltarar i skulevurderingsarbeidet.

Bømlo kommune har innført obligatorisk kartlegging av lesedugleik i andre, tredje, femte, sjuande og niande klasse. Dette er gjort for å sikre kontinuerleg oppfølging og for å ivareta leseopplæringa, leseutviklinga og lesestimulering. Ein communal oversikt over lesedugleiken på dei ulike klassesetega blir gjort kjent for alle skulane og for politikarane kvart år. Den enkelte skule/lærar brukar resultatet som grunnlag for sitt arbeid, og det blir drøfta mellom heim og skule.

I løpet av våren 2002 vil det bli innført liknande system i matematikk.

Bømlo nytta også brukarundersøking om kvaliteten på ulike kommunale tenester. Sjølv om dette tiltaket ikkje vert gjennomført kvart år, er resultata frå brukarundersøkinga eit godt grunnlag for vidare arbeid både på den enkelte skule og for skuleverket i kommunen.

## 5.2 Metodar og verktøy i vurderingsarbeidet

Bømlo har utvikla kommunale målsettingar for skuleutvikling og eigne årsmeldingsmalar der framdrifta av utviklingsarbeidet ved skulane blir rapportert. Kommunen har utvikla skulevurderingsheftet «Kor god er skulen vår?» som grunnlag for vurderingsarbeidet på den enkilde skulen. I dette heftet finn skulane skildring av den gode praksis, men skulane konkretiserer og lagar lokale tilpassingar til desse indikatorane.

I den enkelte skule sitt vurderingsarbeid blir ulike metodar for informasjonsinnhenting nytta. Det kan vere spørjeundersøkingar, intervju og observasjon, men like gjerne verdi-praksis-kartlegging, dialogar, fellesdrøftingar og synspunkt frå ulike fora som til dømes i klassemøte, foreldremøte etc.

### **Eksempel 1. Hovudemne: «Læring og undervisning»**

Breidd og variasjon i undervisningsmetodar er ei av målsettingane for skuleutvikling i Bømlo. I heftet «Kor god er skulen vår?» finst hovudområdet «Læring og undervisning», der eit vurderingsemne er kalla «Eleven sitt arbeid i klasserommet». Under dette emnet er det gitt ei skildring av den gode praksis:

*Tabell 1: Eksempel 1*

Vurderingsemne:	Eleven sitt arbeid i klasserommet
Deleme:	Ansvar for eiga læring, sjølvstendig tenking og aktiv involvering i læringsarbeidet
Skildring av praksis:	Alle elevar tek ansvar for si eiga læring ved at dei har klåre mål for det daglege arbeidet, og at dei tek ansvar for å nå dei måla. Dei viser sjølvstendig initiativ i høve til å løyse problem undervegs, og dei bidrar med forslag til aktivitetar

### **Eksempel 2. Hovudemne: Skulemiljø og samarbeidsklima**

Utvikling av elevane sin sosiale kompetanse er eit anna perspektiv for skuleutviklinga i Bømlo. I «Kor god er skulen vår?» er hovudområdet «Skulemiljø og samarbeidsklima», der eit vurderingsemne er kalla «Skulemiljø». Til delemtet «Samhandling mellom elevar og vaksne» er det gitt ei skildring av den gode praksis.

*Tabell 2: Eksempel 2*

Vurderingsemne:	Skulemiljø
Deleme:	Samhandling mellom elevar og vaksne
Skildring av praksis:	Samhandling mellom born og vaksne blir kjenneteikna av gjensidig forståing og respekt. Dei vaksne legg premissar for slik samhandling ved å vere gode førebilete

## **5.3 Oppfølging av vurderingsarbeidet**

Frå kommunen si side er skuleutviklinga og skulevurdering lagt opp meir rundt kontinuerleg støtte og hjelp enn i høve til kontroll. Vurderingsarbeidet blir gjort fleire gonger kvart skuleår. Som ein konsekvens av årsmeldingssystemet gjennomfører skulane i Bømlo to gonger pr. skuleår større eller mindre skulevurderingsopplegg, og det er eit poeng at skulevurdering og skuleutvikling blir knytt saman i prosessar som er overkommelege og meiningsfylte.

Eit arbeidsutval med tre rektorer og tre representantar for skulekontoret gjennomgår kvart år grunnlaget for årsmeldingssystemet. Samtalar med den enkelte rektor og skulekontoret er ein viktige arena for å betre systemet med skuleutvikling og skulevurdering.

Skulane i Bømlo er eigne resultatområde med relativt stor sjølvråderett. Oppfølging av skuleutvikling og skulevurdering på den enkelte skule er rektor sitt ansvar og oppgåve i samarbeid med andre t.d. plangruppe, tillitsvalde, foreldrerepresentantar og elevar. Rektor får hjelp og støtte frå kommunenivået gjennom samtalen og dei skriftelege tilbakemeldingane som ligg i årssyklusen. I tillegg får skulane tilbod om rettleiing frå kommunen i sitt skulevurderingsarbeid. Både oppvekst- og kultursjef og pedagogisk rettleiar kan hjelpe skulane i dette arbeidet, og etaten har utvikla fleire konkrete arbeidsmetodar.

Ein viktig premiss for arbeidet med skulevurdering og skuleutvikling er at ein har system som dokumenterer praksis og gir retning for vidare arbeid. Skriftleggjering er naudsynt både internt på skulane, men også for skulane sin kommunikasjon med foreldre, kommuneadministrasjon og politikarar. Like viktige er det at det kontinuerlege vurderingsarbeidet på skulen er kvalitativt godt, at det blir sett av tid til refleksjon og oppsummering, og at det er ein god dialog mellom elev, føresette og skulen.

Gjennom etter- og vidareutdanningsprogram i skuleutvikling, skulevurdering og skuleleiing (samarbeid med Norsk Lærarakademi) får alle skulane tilført kompetanse i skulevurdering med erfaringsutveksling og drøfting. I tillegg er administrasjonsmøte eit forum også for slike saker. Ein viktig strategi for kvalitetsvurdering og -utvikling er at skulane også får impulsar, idear og korrektiv frå miljø utanfor kommunen. Skulane og kommuneadministrasjonen har eit utstrekta samarbeid med næringslivet. Bømlo er også med i interkommunale prosjekt med stor grad av elevmedverknad.

For meir informasjon om skulevurdering i Bømlo kommune:

<http://www.bomlo.kommune.no>

## **Kap. 6 KVALITETSARBEID I BERGEN KOMMUNE**

### **6.1 Oppbygging av kommunen sitt arbeid med kvalitetsvurdering**

Bergen kommune har i perioden 1998-2001 gjennomført eit utviklingsprosjekt med 3 medarbeidarar i kommuneadministrasjonen i engasjementsstillingar for å utvikle eit program for skulevurdering og for å gjennomføre vurdering ved kommunale grunnskular. Prosjektet starta under den føresetnaden at kommunen, som skuleeigar, skulle gjennomføre vurderingsprosessen ved skulane, men i tråd med sentrale føringar er strategien no endra i retning av skulebasert vurdering med kommunal rettleiing. Kommunen har ei fast stilling i byrådsavdelinga for å ivareta arbeidet med skulevurdering. Programmet for skulevurdering kan brukast både til ekstern vurdering, og til intern skulebasert vurdering.

Bergen kommune har pr. d.d. ei bydelsorganisering som medfører at drift av grunnskule ligg hos bydelsadministrasjonane, medan strategi og utvikling ligg i den sentrale byrådsavdelinga.

Bergensprogrammet «Skolevurdering og kvalitetsutvikling» har ein felles analysemodell, eit sett av felles kriterium og ein felles struktur for vurderingsarbeidet. Programmet føreset at den enkelte skule vel vurderingsgrunnlag og kriterium, og at desse blir tilpassa til skulen sin bruk. Også arbeidsmetodane varierer ut frå dei vala skulane gjer. Program og metodar legg opp til utvikling ved skulane gjennom å sjå på og reflektere rundt eigen praksis.

For å styrke brukarperspektivet er det utvikla brukarundersøkingar for grunnskuleområdet. Undersøkinga vil årleg bli brukt mot elevar og foreldre/føresette på utvalte trinn ved alle kommunale grunnskular.

Kommunenivået står for programutvikling, driv kompetanseutvikling overfor bydelar og skular, og rettleiar skulane i deira prosessar. Kommunenivået tar vidare initiativ til å knytte skulevurdering opp mot alle skulebaserte utviklingsprosjekt. Ein føreset vidare at kommunen opprettheld og vidareutviklar spisskompetanse på feltet vurdering og kvalitetsutvikling. Brukarundersøkingar driftast på kommunenivået, og dette omfattar kompetanseutvikling overfor skuleleiarane på feltet «brukarundersøkingar - skoleutvikling».

Bydelsnivået legg til rette for kompetanseutvikling i vurderingsarbeid i samhandling med byrådsavdelinga Bydelane legg vidare forpliktingar på skulane når det gjeld gjennomføring av og rapportering om vurderinga. Resultata av vurderinga og oppfølgingstiltak drøftast i medarbeidarsamtalar med skuleleiarane i bydelane.

Skulane gjennomfører vurderingsarbeidet innanfor dei føringane som bydelane gir. Overordna føring for alle kommunale grunnskular er at Bergensprogrammet skal brukast i vurderingsarbeidet. Det føreset at alle skular opprettar ei vurderingsgruppe som deltar i kompetanseutviklingstiltak, og som leiar gjennomføringa av skulevurderinga. Skulane rapporterer til bydelane om vurderingsgrunnlag, om resultat og om planar for oppfølging. Alle prosjektskular deltar i felles kommunalt program for vurdering av utviklingsprosjekt.

## 6.2 Metodar og verktøy i vurderingsarbeidet

Bergensprogrammet legg til rette for vurdering av 4 hovudområde:

- Læringsutbytet (elevkompetansen) til elevane
- Læringsarbeidet
- Skulen som organisasjon (rammer for læringa)
- Skuleleiinga

Kwart av områda er inndelt i ei rekke underkapittel som kan utgjere vurderingsgrunnlaget. Kvart vurderingsgrunnlag blir presentert i ei matrise som beskriv området for vurdering, læreplanforankringa og det felles kriteriesettet. I matrisa er det gitt rom for vala og presiseringane til den enkelte skule. Programmet inneholder også ei «steg for steg» - beskriving av korleis vurderingsprosessen kan gjennomførast.

Prosessen ved ein skule kan forenkla beskrivast slik:

- Skulen - plangruppa, vurderingsgruppa- tar for seg sin utviklingsplan eller prosjektplan og fokuserer på nokre sentrale felt.
- Ein «søkjer gjennom» skulevurderingsprogrammet for å finne eitt eller fleire vurderingsgrunnlag som ligg innanfor dei fokuserte felta i utviklingsplanen.
- Gjennom dialog med dei involverte utarbeidast ein plan for vurderingsgrunnlag, kriterium og metodar for innhenting av informasjon. Programmet inneholder mal for slik plan.
- Vurderingsgruppa gjennomfører innhenting av informasjon ved bruk av intervju, observasjonar, spørjeundersøkingar eller dokumentgransking. Rettleiring i prosessen frå byrådsavdeling og/eller bydel.
- Vurderingsgruppa systematiserer den informasjonen som er komen inn, analyserer den, presenterer funna for dei involverte, og konklusjonar blir trekte. Rapport utarbeidast og drøftast.
- Oppfølgingstiltak blir drøfta og dei ansvarlege iverkset tiltaka.

I planleggingsarbeidet vil ein tilrå vurderingsgruppene å involvere alle partar i skulefellesskapet, og klargjer for alle kva vurderinga skal dreie seg om, kva for metodar som er tenkt brukte, og kven som skal involverast på kva måte.

Vidare blir det tilrådd at skulane brukar fleire tilnærningsmåtar, for eksempel både kvalitative og kvantitative metodar, når eit tema skal belysats. Det er ein føresetnad at ein nyttar alle relevante grupper som informantar.

Alle relevante grupper må få innsyn i funna som ein gjer, og desse må redigerast på ein slik måte at dei gir reell informasjon. Vurderingsgruppa har hovudansvar for å trekke konklusjonane, men desse blir lagt fram og drøfta med dei som konklusjonane er relevante for.

Konklusjonane blir nytta i skulens eige forbettingsarbeid, og bydelen, som driftsansvarleg, etterspør kva oppfølgingsarbeid den enkelte skule gjør. Bydelen nyttar informasjon frå skulevurderingsarbeidet i si planlegging av kompetanseutviklingstiltak.

## 6.3 Oppfølging av vurderingsarbeidet

Kommunen har tilrettelagt verktøy og tilbod om kompetanseutvikling og rettleiing for bydelar og skular. Verktøy og metodar har som hovudformål å bidra til kvalitetsutvikling ved den enkelte skule gjennom refleksjon over eigen praksis.

Likevel ligg det ei forplikting for alle kommunale skular til å bruke Bergensprogrammet i den forskriftspålagte, skulebaserte vurderinga, og dei enkelte bydelane forpliktar skulane til å beskrive sitt vurderingsarbeid i sine årsrapportar og sine kvalitetsutviklingsplanar.

På kommunenivået er det utarbeidd rapportar til det politiske nivået i kommunen om resultata som er komne fram gjennom vurderingsarbeidet. Slik rapportering inneholder tilstandsbeskriving, behov for utvikling og forslag til kommunale satsingsområde. Resultat av vurderingsarbeidet inngår i det samla analysegrunnlaget som blir brukt i saksutgreiing og forslag til prioriteringar.

Ved dei skulane som gjennomfører utviklingsprosjekt med statlege midlar, vurderast utviklingsarbeidet med bruk av Bergensprogrammet. Gjennom fokus på vurdering av både prosess og resultat, støttar og kvalitetssikrar vurderingsarbeidet utviklingsprosjektet.

Skulevurdering inngår i det samla arbeidet for kvalitetsutvikling i grunnskulen. Blant andre element som inngår i dette arbeidet, kan nemnast:

- Brukarundersøkingar, obligatorisk for alle kommunale grunnskular
- Utviklingsprosjekt etter statlege føringar og med statleg støtte
- Utviklingsprosjekt i bydelar og ved enkeltskular
- Rapportering og planutvikling
- Forsøk

## **Kap. 7 KVALITETSARBEID I OPPLAND FYLKESKOMMUNE**

### **7.1 Oppbygging av fylkeskommunen sitt arbeid med kvalitetssikring**

Arbeid med kvalitetsvurdering i videregående opplæring i Oppland tar utgangspunkt i dei nasjonale styringsdokumenta som beskriv dei overordna måla for skuleverket.

Heilskapleg kompetanse er sentralt, og kvalitet blir bestemt ut frå i kva grad skule- og lærebedrift fører den enkelte elev og lærling så langt han/ho evnar mot dette målet. Det breie kompetanseomgrepet understrekar at elevane skal lære fag, men også sosial dugleik. Dei skal lære å sjå samanhangen mellom teori og praksis og øvast opp i gode læringsmåtar. Skule og lærebedrift skal i tillegg ivareta den generelle delen av læreplanen og utvikle positive haldning, toleranse, likeverd og ansvar.

I arbeidet med å utvikle kvalitet på opplæring er rammefaktorar som bygningar og utstyr, miljø og trivsel føresetnader for gode læringsforhold. Kvalitetsvurdering er likevel primært eit spørsmål om innhald, elevane og lærlingane si måloppnåing og utvikling i forhold til dei totale måla i læreplanverket. Dette er utgangspunktet for fylkeskommunen sitt kvalitetssikringsarbeid.

Oppland fylkeskommune sitt arbeid med kvalitetssikring av opplæring i skule og lærebedrift er nedfelt i den politisk vedtatte økonomiplanen. Her er kvalitetskriteria formulert som kjenneteikn for ønska måloppnåing, og skal leggast til grunn for arbeidet på den enkelte skule.

For eit aktuelt delmål ser dette eksempelvis slik ut (figur 5.5):

<b>Delmål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Kjenneteikn for måloppnåing</b>	<b>Resultat 2001</b>	<b>Mål 2002</b>	<b>Mål 2005</b>
Det skal vere høg kvalitet på læring. Det vil sei e høg måloppnåing i forhold til læreplanverket	Undervisningsopplegg i skule og lærebedrift tilpassast elev/lærling på ein slik måte at dei opplever meistring og trivsel og får eit optimalt læringsutbytte	Høg måloppnåing Elevane/lærlingane seier at dei trivst på skulen/ i lærebedriftene.	89/93% (skule/ lærebedrift)	90%	90%
	Systematisk skulebasert vurdering i tilknyting til det nasjonale differensieringsprosjektet	Skulane brukar fylkesopplæringskjefen sitt skulevurderingsskjema, alternativt skjema frå kurs i prosjektarbeid Skulane utviklar seg ved å forske på eigen praksis	Alle skular	Vidareførast	Etablert drift
		Det arbeidast med å utvikle måleparameter.			

*Figur 7.1 Eksempel på kvalitetskriterium*

I Oppland har skulevurdering i perioden fra 1993 til 1999 medført årlege rapportar til fylkesopplæringssjefen med beskriving av resultat frå dei utvalte satsingsområda til skulane. Skulane brukar eit felles skjema for å oppnå systematikk i prosess og beskriving av arbeidet frå mål, tiltak og resultat til oppfølging. Dette skjemaet fyllast ut til 01.10 kvart år (figur 5.6):

Vurderingsområde:

Mål	Kjenneteikn for måloppnåing	Planlagde tiltak for å nå målet	Planlagde vurderingsformer

*Figur 7.2 Skjema for vurderingsområde*

Skulane rapporterer så i forhold til eit tilsvarande skjema 20.06 etterfølgjande vår.

I tillegg svarar skulane på ei rekke felles sentrale spørsmål frå fylkesopplæringssjefen. På grunnlag av tilbakemeldingane frå alle skulane, blir det laga ein samlerapport om skulane sin aktivitet og kvalitet. Rapporten blir lagt fram til politisk handsaming i Hovudutval for opplæring og kompetanse i løpet av hausthalvåret.

Frå og med skuleåret 2000/2001 har fylkesopplæringssjefen utvida grunnlaget for innsamling av data frå skular og lærebedrifter. Frå dette tidspunktet har ein valt å gjennomføre årlege skulebesøk der fylkesopplæringssjefen har samtalar med ulike grupper på skulen. Formålet med desse besøka er m. a. at skulane får presentere utvalte pedagogisk utviklingsarbeid. Fylkesopplæringssjefen gjennomfører også medarbeidarsamtalar med rektor på desse besøka.

I tillegg til skulebesøka blir det samla inn data om kvaliteten i opplæringa gjennom brukarundersøkingar. Dei to siste åra har Oppland gjennomført spørjeundersøkingar blant alle elevar på grunnkurs og vidaregåande kurs 1, alle lærlingar, alle lærarar og instruktørar i lærebedrift.

Brukarundersøkinga har fokusert på læringsmiljø og trivsel både i skule og lærebedrift.

Oppland prøver i alle samanhengar å tenke heile opplæringsløpet - ikkje bare skuleopplæring, men også bedriftsopplæring. Den årlege rapporten til Hovudutvalet for opplæring om kompetanse og kvalitet i vidaregåande opplæring omhandlar derfor ikkje bare kvaliteten på skuleopplæringa, men prøver, så lang det lar seg gjøre, å beskrive kvaliteten i bedriftsopplæringa også.

Det er imidlertid skilnader mellom skule og lærebedrift som læringsarena. Desse skilnadene er det vesentleg å ha klårt føre seg når tiltak for å styrke kvalitet i opplæringa skal drøftast. Opplæring i bedrift er underlagt andre, ytre rammer som kvalitetskrav, krav til tempo og endringar i eksterne oppdrag.

## 7.2 Metodar og verktøy i vurderingsarbeidet

- Skulevurderingsmodellen er innarbeidd som skulen sitt verktøy for intern skulebasert vurdering og kvalitetssikring. Dei omtalte skjema brukast internt på skulen og ved tilbakemelding til fylkesopplæringssjefen. I sambande med det nasjonale differensieringsprosjektet brukar skulane desse skjema for systematikk for interne prosessar og rapportering. For øvrig er det vanleg at skulane gjennomfører interne undersøkingar blant elevar og lærarar for å følgje opp lokale mål og tiltak.
- Brukarundersøkingar er gjennomført dei to siste åra - læringsmiljø og trivsel er hovudfokus. Gjennomførast i både skule og lærebedrift.
- Fylkesopplæringssjefen sitt årlege skulebesøk er lagt opp som evalueringssamtalar.
- Ekstern evaluering. Fylkesopplæringssjefen har dei to siste åra engasjert Høgskulen i Lillehammer, for å drive følgeforskning knytt opp mot satsingsområdet samarbeidslæring.
- Det gjennomførast besøk frå fylkesopplæringssjefen før bedrifter blir godkjende som lærebedrift.

### Andre kvalitetssikringstiltak

- Metodisk kompetanseheving -omfattande skulering av lærarar og skuleleiarar i samarbeidslæring. Regionale nettverk av kjernegrupper under leiing av rettleiarar.
- Erfaringsutveksling på regionale samlingar i det nasjonale differensieringsprosjektet.
- Skulering av elevar og klassestyrarar på grunnkursnivå i elevmedverknad.
- Fagkurs med vekt på pedagogisk bruk av IKT i opplæringa.
- Felles læringsplattform på fylkesnivå (Class-fronter).
- Samlingar for lærlingar og instruktørar.
- Samlingar for opplæringskontor og ringar.
- Etterutdanningskurs for instruktørar og faglege leiarar.
- Tilbod for lærarar om å hospitere i bedrift - fylkesopplæringssjefen betaler vikar.
- Vidareutdanning for lærarar og instruktørar med fokus på pedagogisk utviklingsarbeid.

## 7.3 Oppfølging av vurderingsarbeidet

Oppland fylkeskommune arbeider kontinuerlig for å vidareutvikle sitt arbeid med kvalitetsutvikling. Ein ser i særlig grad desse utfordringane framover:

- Skulane må innstille seg på auka krav om kvalitet og dokumentasjonen av denne frå foreldre, næringsliv, politikarane. Kravet om innsyn vil bli ei sjølvfølgje.
- Meir merksemd på resultat og ikkje bare prosess.

Internt på skulane er ein opptatt av:

- Skape forståing for formålet med vurderingsarbeidet på den enkelte skule og utvikle trygge rammer og prosessar med stor deltaking.
- Alle som deltar i vurderingsarbeidet må oppleve at det er relevant og gir «meirverdi».
- Fortsatt skolebasert vurdering på organisasjonsnivå/skulenivå, men enda viktigare å gjøre det i småskala og bygge vurdering inn i læringsaktivitetane. Bygge ein vurderingskultur nedanfrå som ein del av læringsprosessen. I samarbeidslæring er det ein integrert del av læringsforløpet å drive etterrefleksjon for den enkelte og gruppa. Elevane deltar i kontinuerleg vurdering, eigenvurdering, vurdering i grupper/klasse. Nådde eg/vi våre mål? Kva kan forberast?
- Viktig i større grad å rette merksemda mot den lærande som er ekspert på læringsforholda.
- Fortsatt behov for verktøy ala det vi har i Oppland som sikrar systematikk og rammer rundt arbeidet.
- Behov for kompetanseheving i innsamlingsmetodar, frå spørjeskjema til gruppeintervju, logg etc.

Meir informasjon på <http://www.oppland-f.kommune>

## **Kap. 8 KVALITETSARBEID I HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

### **8.1 Oppbygging av fylkeskommunen sitt arbeid med kvalitetsvurdering**

Hordaland fylkeskommune har eit delegasjonsreglement som heimlar relativt stor grad av mynde og ansvar til den enkelte skule. Det er eit mål i kvalitetsutviklingsarbeidet å etterstreebe ein balanse mellom overordna føring og kontroll frå Opplæringsavdelinga si side, og på den andre sida mulegheit til utviklingsinitiativ og intern styring på den enkelte skulen.

Hordaland fylkeskommune har i denne perioden primært knytt arbeidet med kvalitetsvurdering opp mot arbeidet med Differensieringsprosjektet, i tråd med departementet og Læringsenteret sine føresetnader, og Opplæringsavdelinga har definert satsingsområda og utvikla resultatmål for prosjektet.

Innanfor desse rammene definerer den enkelte skule sine prosjekt m/tilhøyrande lokalt utvikla kvalitetsindikatorar.

Fylkeskommunen har som mål å auke elevmedverknaden i alle ledd i skuleorganisasjonen. Ein har stimulert til skulering av elevar om deira rettar og plikter i skulevurderingsarbeidet, lagt føringer på elevane si rolle i prosjekt- og styringsgrupper på skulane og utarbeidd særskilt vurderingsopplegg for elevane.

Referansegruppa til Differensieringsprosjektet har medlemmar frå Høgskulen i Bergen, Kommunenes sentralforbund, NHO Hordaland, lærarorganisasjonane, Elevorganisasjonen i Hordaland og Statens utdanningskontor for å tilføre arbeidet eit eksternt perspektiv. Gruppa er aktivt rådgivande i utarbeidinga av opplegget for kvalitetsvurdering.

Dei vidaregåande skulane rapporterer skriftleg ein gong i året på sine prosjekt, både på innhald og på vurderingsarbeidet, og det blir gitt skriftleg tilbakemelding til kvar skule. For nesten alle skulane har det også vore kontaktmøte mellom enkeltskular og Opplæringsavdelinga om innhaldet i dei aktuelle vurderingsrapportane.

Fylkeskommunen si oppsummering blir altså ført tilbake i organisasjonen. Opplæringsavdelinga rapporterer også til fylkespolitikarane om vurderingsarbeidet.

Med sine 50 vidaregåande skular har fylkeskommunen eit stort dokumentasjons- og informasjonsbehov som slike formelle rapporteringsrutinar ivaretar, samtidig som rapportane blir et godt verktøy for nødvendig dialog og samhandling skulane i mellom og mellom fylkeskommunen og skulane.

## **8.2 Metodar og verktøy i vurderingsarbeidet**

Fylkeskommunen har utarbeidd eit firedelt vurderingsopplegg som skal sikre at alle aktørane ved den enkelte skulen får gi si vurdering - skuleleiinga, prosjektleiarene, lærarane og elevane. Vurderingsopplegget til Læringsenterets er integrert i dette.

Skulane gir tilbakemelding på vurderingsarbeidet gjennom å presentere:

- tema/område for vurdering
- konkretisering av vurderingsområde
- mål
- kjenneteikn på eit godt resultat/kriterium
- deltakarar i vurderingsarbeidet
- datainnsamling/metode
- formulering av konklusjonar
- informasjon om resultat og konsekvensar

Siste del av rapportane er via planar for utvikling der skulane skisserer planlagde oppfølgingstiltak.

Skulane blir oppfordra til å bruke både kvantitative og kvalitative metodar i sitt vurderingsarbeid, så som spørjeskjema og intervju/elev- og gruppessamtalar. Alle skulane har dessutan tatt i bruk Læringsenteret sitt nettbaserte vurderingsprogram, Elevinspektørene, vinteren 2002.

Skulane må også dokumentere vurderingsresultatet ved skulebesøk frå fylkesnivået og/eller regionale skulesamlingar for skuleleiing, lærarar og elevar og fylkesnivået.

## **8.3 Oppfølging av vurderingsarbeidet**

Formålet med vurderingsarbeidet er kvalitetsutvikling. Fylkeskommunen ønskjer med sitt opplegg i tillegg å bidra til dokumentasjon av arbeidet, legge til rette for nettverksarbeid og auke elevane sin reelle medverknad i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa.

Detaljert årleg skriftleg tilbakemelding til den enkelte skulen, årlege skulevurderingssamlingar for alle rektorane og prosjektleiarane i fylket, samt møte med/besøk hos enkeltskular er kjernen i fylkeskommunen sin oppfølgingsstrategi.

Opplæringsavdelinga gir kvar skule ei skriftleg tilbakemelding på den innsendte skulebaserte vurderingsrapporten. På bakgrunn av rapportane tar Opplæringsavdelinga initiativ til møte med skular som har særlege utfordringar i skulevurderingsarbeidet, der formålet er samtale og rettleiing. Også dei andre skulane får tilbod om rettleiing frå Opplæringsavdelinga, og noen nyttar seg av tilboden, ikkje minst i form av uformelle samtalar/drøftingar med m.a. prosjektleiar.

Resultata av den skulebaserte vurderinga blir også i mange høve brukt som saksgrunnlag for ulike typar kontakt mellom enkeltskular og Opplæringsavdelinga. Dessutan blir det heilskapsbildet som viser seg gjennom den samla skulebaserte vurderinga, brukt som grunnlag når Opplæringsavdelinga bestemmer programmet for det vidare arbeidet med Differensieringsprosjektet.

Opplæringsavdelinga har gitt opplæring og følgjer opp vurderingsarbeidet med regionale og fylkesvise årlege konferansar for rektorar, prosjektleiarar og elevar i løpet av skuleåret. Tema har vore prosjektleiing, ny organisering av skuledagen, IKT og læring etc.

Dei vidaregåande skulane er delt inn i sju geografiske samarbeidseiningar med ein rektor som koordinator i kvar region. I det regionale samarbeidet skulane imellom, blir det gitt mye «kollegarettleiing» også når det gjelder vurderingsarbeid.

Dei ulike samlingane Opplæringsavdelinga arrangerer, stimulerer til systematisk erfaringsutveksling mellom skular. Fylkeskommunen sin nettstad for Differensieringsprosjektet har også slikt siktemål.

Meir informasjon om Differensieringsprosjektet og arbeidet med kvalitetsvurdering i Hordaland fylkeskommune på <http://www.hfk.vgs.no>.

# **Kap. 9 KVALITETSARBEID I OSLO KOMMUNE**

## **9.1 Oppbygging av kommunens sitt arbeid med kvalitetsvurdering**

Skuleetaten i Oslo har i heile 2001 arbeidd for å finne fram til eit system som kan måle kvaliteten i Osloskulen. 13500 elevar, lærarar og føresette har vore med og sagt si meining om på kva område kvaliteten i skulen skal målast. Resultata frå spørjeundersøkinga har vore svært viktige innspel i arbeidet med å utvikle kriterium for vurdering av Osloskulen og til utvikling av eit verktøy for måling av kvalitet. Kvalitetsbarometeret er eit vurderingsverktøy som skal gi elevar, lærarar og føresette, politikarar og andre som er opptatt av skule, kunnskap om tilstanden i Osloskulen. Kriteriesettet som er utvikla, skal brukast både i den skulebaserte vurderinga og i ekstern vurdering

Formålet med all vurdering er utvikling og forbetring på den enkelte skule og voksenopplæringssenter; dessutan å informere om tilstand og status på visse område. Både elevvurdering og skulebasert vurdering skal bidra til å auke kvaliteten på elevane si læring i lys av læreplanane, og utvikle skulen som læringsstad.

Vurderingsarbeidet skal vere systematisk og vere ein integrert del av plan- og rapporteringsstrukturen i Skuleetaten og Oslo kommune. På den enkelte skule vil både elevar og foreldre, lærarar og leiing og samarbeidspartnarar utanfor skulen delta i vurderingsarbeidet. I vidaregåande skule i Oslo er elevane vant til vurdering av opplæringa gjennom ei årleg brukarundersøking. Skuleadministrasjonen vil legge vekt på å utvikle formålstenelege vurderingsverktøy til hjelp for skulane. Dette kan for eksempel vere brukarundersøkingar o.l. som skulane kan nytte for å kvalitetssikre eigen vurdering ved å legge til rette for aktiv deltaking frå bl.a. elevar og foreldre.

Det heilskaplege opplegget for kvalitetsvurdering som nå er utvikla for Osloskulen, er eit system for skulebasert og ekstern vurdering. Det koplar kvantitative data om skulen saman med kvalitative vurderingar av f.eks. forskjellige rammeforhold, kompetanse og leiing. Det møter krava i forskrift til Opplæringsloven; det gir enkeltskulane eit betre grunnlag for utvikling, og det sikrar informasjon til overordna nivå.

## **9.2 Metodar og verktøy i vurderingsarbeidet**

Det er i 2001 utvikla eit kriteriebasert vurderingsverktøy kalt Kvalitetsbarometeret - eit verktøy for utvikling av kvalitet i Osloskulen. Det er utvikla i nært samarbeid med skular og fagmiljø nasjonalt og internasjonalt. Forskjellige samarbeidspartnarar som lærarorganisasjonar og partar i arbeidslivet har også bidratt aktivt som rådgivarar i arbeidet. Verktøyet er tatt i bruk i 2002 og vil i år vere gjenstand for forandringar og forbeteringar.

Vurderingsverktøyet består av hovudområde, fokusområde, tema og kriterium.

Hovudområda er:

- Elevane sitt læringsutbytte og læringsresultat
- Undervisning og læringsprosess
- Støtte til elevane
- Verdiplattform
- Ressursar
- Leiing og kvalitetssikring

Kwart hovudområde består av fokusområde, tema og kriterium. Fokusområde og tema kan vurderast på fire nivå. Kriteria er beskrive bare på nivå 4 og nivå 2 blant anna for å gi nødvendig rom for refleksjon og eigne vurderingar. Dei fire nivåa har følgjande kjenneteikn:

Nivå 4: Hovudsakleg sterke sider

Nivå 3: Fleire sterke enn svake sider

Nivå 2: Fleire svake enn sterke sider

Nivå 1: Hovudsakelig svake sider

I utviklinga av Kvalitetsbarometeret er det lagt vekt på struktur og samanheng. Det er derfor viktig å samanhalde vurderinga av tema med vurderinga av fokusområde.

Kriteria er prøvd utforma med vekt på det kvalitative aspektet, mindre på det kvantitative. Dette er gjort fordi dei kvalitative vurderingane er viktige som eit supplement til kvantitativ informasjon. Sjølv om kriteriesettet samla representerer ein kvalitetsstandard for Osloskulen, er det naturleg at det er variasjonar.

## **9.3 Kvalitetsbarometeret kan brukast til**

### **Overflatevurdering - å kartlegge eit eller fleire hovudområde**

Med overflatevurdering meinast at lærarane og leiinga gjør ei vurdering av alle tema og fokusområda innanfor eit eller fleire hovudområde for å få oversikt over skulen sine sterke og mindre sterke sider. Framgangsmåten er då at den enkelte lærar og skuleleiar gjør ei vurdering av skulen frå 1-4 med utgangspunkt i kriteriebeskrivinga. Ei slik overflatevurdering føreset ikkje at skulen innhentar informasjon på førehand eller iverkset særlege vurderingstiltak.

Skulen vil gjennom ei overflatevurdering få fram eit gjennomsnitt av oppfatningane til den enkelte. Ein vil umiddelbart få ei tilbakemelding på kva hovudområde og fokusområde skulen står rimeleg sterkt, og på kva område skulen treng å gjøre forbetringar.

## Djubdevurdering - å sjå nærmere på enkelte område

Djubdevurdering kan brukast til ulike formål, for eksempel:

- Vurdere område der overflatevurderinga har avdekt svakheitar
- Vurdere område som er relatert til nasjonale eller kommunale prioriteringar
- Vurdere prioriterte mål på verksemdsplanen

Skilnaden mellom ei overflatevurdering og ei djubdevurdering er at djubdevurderinga føreset at skulen i framkant har sikra seg nødvendig informasjon frå til dømes elevar, foreldre og andre samarbeidspartnarar, gjennom til dømes :

- Prøver, testar
- Brukarundersøkingar (elevar, foreldre, andre samarbeidspartnarar)
- Elevsamtal
- Observasjon
- Gruppesamtale
- Logg
- Mappedokumentasjon
- Dokumentanalyse

Våren 2002 er alle skular tilrådd å gjøre ei overflatevurdering av tilstanden på skulen på alle dei seks hovudområda. Dessutan skal alle skulane og vaksenopplæringssentra gjøre ei djubdevurdering på eitt av fokusområda innanfor hovudområdet elevane sitt læringsutbytte og læringsresultat.

Når skulen foretar ei djubdevurdering med utgangspunkt i Kvalitetsbarometeret, vil vurderinga også omfatte kvantitative data, for eksempel karakterar i 10. klasse.

Vurderingsverktøyet er nettbasert. Våren 2002 blir det ei utprøving av verktøyet med klassestyrarane i småskulen og på mellomtrinnet og norsklærar eller fagleg leiari for ungdomstrinnet, vidaregåande grunnkurs og vaksenopplæringa som målgruppe.

I tillegg til målingane på Kvalitetsbarometret vil skuleadministrasjonen innhente informasjon om lesekompetansen til elevane gjennom kartlegging av lesedugleik, spørjegranskning om lesing og resultat frå Osloprøva i norsk.

## **9.4 Oppfølging av vurderingsarbeidet**

Osloskulen har utstrakt grad av sjølvstyre. Dette aukar behovet for at den enkelte skule har relevant kunnskap om si verksemd, at elevar og foreldre er informert om tilstand og status og at skuleeigar får informasjon om den enkelte skule sine resultat i forhold til elevane si læring og utvikling. Det skal vere openheit om resultat, og desse skal følgjast opp både på den enkelte skule og av den sentrale skuleadministrasjonen. Det blir lagt opp til at resultata rapporterast gjennom kommunens ordinære rapporteringsrutinar, det vil seie tertial- og årsrapportar.

For inneverande år vil det i løpet av juni ligge føre ein rapport om Osloskulen som gjeld elevane sin lesekompesanse, og i løpet av september 2002 vil den enkelte skule og det enkelte vaksenopplæringssenter motta ein rapport som viser resultata til skulen i ein heilskapleg samanheng. Desse analysane vil danne grunnlag for å utarbeide strategiar og tiltak for leseopplæringa for Oslo i sin heilskap og for den enkelte skule.

Meir info: <http://www.skoleetaten.oslo.kommune.no>

# Vedlegg